



Olger Arne Synnes  
Synesvegen 553  
6040 Vigra

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 24/31502 - 24/124497	Vår saksbehandlar: Ola Hjelen - 712 80 514	Dato: 26.08.2024
----------------	-----------------	-------------------------------------	---	---------------------

## Forslag om freding av Vigra kringkaster - gbnr 6/5 og 6/5/1 i Giske kommune



*Vigra kringkaster og havområdet mot sør. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune*

Vi viser til midlertidig freding datert 13. juli 2018 og tidlegare høyringsbrev om oppstart av freding av Vigra kringkaster datert 16. juli 2020. Møre og Romsdal fylkeskommune sender med dette ut forslag til freding av Vigra kringkaster, på gbnr 6/5/1 og 6/5 i Giske kommune.

**Eventuelle merknader til forslaget sender dykk til Møre og Romsdal fylkeskommune, e-post [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no), innan 14. oktober 2024. Merk sendinga med «Høyring Vigra Kringkaster».**

## Forslag til vedtak om freding

Med heimel i lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 §§ 15 og 19 foreslår Møre og Romsdal fylkeskommune freding av Vigra kringkastar, gbnr 6/5/1 og 6/5 i Giske kommune.

### Formålet med fredinga

Formålet med fredinga etter kulturminnelova § 15 er

- å bevare Vigra Kringkastar som eit kulturhistorisk viktig anlegg som viser betydninga av telekommunikasjon og kringkasting over store avstandar for utviklinga av landet. Vigra kringkastar har spelt ei nøkkelrolle i å gjere Noreg til ein moderne fiskeri- og kystnasjon, og har vore ein institusjon av stor betydning for sosial og kulturell utvikling. Kringkastaren er også eit symbol på tilhørsla, fellesskap og motstandskamp, spesielt knytt til krigshendingane i april 1940.
- å bevare stasjonsområde som heilskap med bygningar og ulike spor etter verksemda frå perioden 1935 til 2011 som ei viktig kjelde til kunnskap om telekommunikasjonen si historie, som symbol for ein viktig institusjon for tilhørsla, minne om motstandskampen og kjelde til oppleving og refleksjon.
- å bevare sendarsalen sin konstruksjon for å sikre opplevinga av kvar kjerneverksemda gjekk føre seg.

Fredinga skal bidra til

- å sikre det heilskapelege stasjonsområde med dei kulturhistorisk viktige spora som viser utviklinga frå starten i 1935 til nedlegginga i 2011.
- å sikre den innbyrdes, visuelle og funksjonelle samanhengen mellom byggverka, mellom vegetasjonselementa, samt mellom bygningane og stasjonsområdet
- å bevare eksteriøret til alle bygningane med fasadens hovudstruktur og detaljar, vindauge og dører, materialbruk og overflater
- å bevare interiøret i Krigssendarbygget, Feederhuset og Uthuset, det vil seie:
  - rominndeling, bygningsdelar og overflater som er av kulturhistorisk eller arkitektonisk interesse
  - naglefast inventar som ein integrert del av det freda interiøret
  - større fast og større laust inventar som teknologiske spor
- å bevare hovudkonstruksjonen i betong i sendarsalen
- å bevare karakteren som opparbeidd stasjonsområde, med grasplenar og tilkomst, restar av allé, samt konstruksjonar, strukturar og element som er av kulturhistorisk interesse

Formålet med fredinga etter kulturminnelova § 19 er

- å bevare verknaden av kulturminna i miljøet dei ligg i
- å sikre vegen som tilkomst til anlegget
- å beskytte vitenskaplege interesser som knyter seg til kulturminna

Fredinga skal bidra til

- å bevare heilskapen og tidsdjupna i anlegget

- å bevare stasjonsområdet, med konstruksjonar, strukturar, grøntområde, allé og rester av slike, er å bevare og ivareta landskapsrom, -strukturar og -detaljar. Sikre samanhengane i stasjonsområdet

Fredinga skal ikkje

- vere til hinder for ny bruk av sendarbygninga og transformatoriosk/garasjen.

### Omfanget av fredinga

Fredinga omfattar kulturminna og området som er lista opp og avmerkte på kartet nedanfor:



**Blå skravering:** Kulturminne freda etter kulturminnelova § 15

**Oransje skravering:** Kulturminne freda etter kulturminnelova § 19

### Fredinga etter kulturminnelova § 15 omfattar:

Namn på objekt	Kulturminne-ID	Gbnr	Bygningsnummer	Omfang
Områdefreding §15	226975-1	6/5/1, 6/5		Stasjonsområdet, med tun og rester av allé. Som avmerkt i kart
Sendarbygning	226975-2	6/5/1	301225017	Eksteriør. Bygningens og sendarsalens hovudkonstruksjonen. Laust inventar: 10 demonterte vindaugsfag
Transformatorkiosk /garasje	226975-3	6/5/1, 6/5	301261091	Eksteriør og hovudkonstruksjon
Feederhuset	226975-4	6/5/1	301261020	Eksteriør, hovudkonstruksjon og interiør
Uthuset	226975-5	6/5/1	301261034	Eksteriør, hovudkonstruksjon og interiør
Krigssendarbygget	226975-6	6/5/1	301261028	Eksteriør og interiør. 7 demonterte lamper.


Fredingsområdet er merkt av på kartet ovanfor. Mot nord og sør følger fredingsområdet tidlegare inngjerding av stasjonsområdet. Mot vest følger avgrensinga bakveggen til Krigssendarbygget, slik bygninga stod før ho vart flytta. Mot aust er fredingsområdet avslutta rett aust for der porten til stasjonsområdet stod.

### For bygningane omfattar fredinga:

- Eksteriøret: konstruksjon, hovudelement som fasadekomposisjon, materialbruk, overflater og overflatebehandling, i tillegg til bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, ventilar over tak, utvendige trapper og repos og detaljar
- Interiøret i Krigssendarbygget, Feederhuset og Uthuset: konstruksjon som innvendige bereveggar, hovudelement som planløysing og rominndeling. Fredinga omfattar også materialbruk, overflater og overflatebehandling, samt bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk og detaljar som skilt
  - Fast inventar som ein del av interiøret. Til fast inventar reknar vi mellom anna lamper og anna naglefast inventar. Tekniske installasjonar og maskiner som

krigssendaren i Krigssendarbygget, isolatorar og tilpassingsledd i Feederhuset inngår i fredinga.

- Laust inventar:
  - 7 demonterte lamper, som er lagra i Krigssendarbygget
  - 10 demonterte vindaugsfag, som er lagra i Sendarbygningen
- Hovudkonstruksjonen til sendarsalen i Sendarbygningen. Sjå grøn linje i teikningane av plan og snitt nedanfor.



Planteikning av 1. etasje i Sendarbygningen. Tverrsnitt av sendarsalen. Freda hovudkonstruksjonar avmerkt med grøn linje.

#### For stasjonsområdet omfattar fredinga

- rester og spor av tidlegare tekniske installasjonar og bygningar, vegen på stasjonsområde, element som lyktestolpe med kulehol, feederstolpe, inngjerding og ulike betongfundament
- mastetoppen frå 1952 som vert freda som eit større laust element. For detaljer av omfanget sjå vedlagt dokumentasjonsvedlegg.
- grøntanlegg med tun, vegetasjon som opparbeidd grasplen, restar av allé, samt strukturerande tre i anlegget

#### Fredinga omfattar ikkje

- interiør og overflatar i sendarbygget inkludert sendarsalen og transformatorkiosk/garasje
- nedgravne røyr, leidningar og kablar
- brannstigar og liknande fastmontert sikkerheitsutstyr
- minnestein frå 1995
- tavler, monter og lamper sett opp for musealt føremål
- viltveksande tre og buskar som frødd seg sjølve og ikkje inngår i ein kulturhistorisk samanheng.

### **Fredinga etter kulturminnelova § 19 omfattar**

Områdefredinga omfattar deler av eigedomane gbnr 6/5 og 6/5/1, og har kulturminne ID 226975-7. Området inkluderer tilkomstvegen til Vigra kringkastar samt eit område kring stasjonsområdet som avmerkt på kartet ovanfor. Mot nord startar området tre meter frå den eksisterande vegkanten til Synesvegen.

### **Føresegner i kulturminnelova som gjeld for dei freda kulturminna**

Fredingsføresegna gjeld dei freda kulturminna sitt eksteriør og interiør og området slik dette er beskrive i fredingsomfanget, sjå avsnitt ovanfor. I tillegg til fredingsføresegnene under, gjeld kulturminnelova §§ 15 a, 16, 17, 18, 19 tredje ledd og 21 og *forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven*.

### **Særskilde føresegner etter kulturminnelova § 15**

Kulturminna skal behandlast og forvaltast på ein slik måte at dei kulturhistoriske, bygningshistoriske og arkitektoniske verdiane dei representerer, blir varetekne.

Det er ikkje tillate å gjere inngrep i dei freda kulturminna, slik som

- a) å rive, flytte, byggje om, endre, forandre materiale eller fargar, eller gjere andre endringar som går ut over vanleg vedlikehald,
- b) å skifte ut bygningselement/materiale eller forandre overflater som presisert i omfanget,
- c) å skade eller fjerne fast- og større laust inventar som presisert i omfanget.

Det er ikkje tillat å gjere inngrep i det freda uteområdet, slik som:

- d) tiltak ut over ordinær skjøtsel,
- e) å endre terreng, grave ut, sprengje, planere, fylle opp eller foreta andre landskapsinngrep,
- f) å fjerne, endre eller skade objekt, konstruksjonar, strukturar og materiale eller element som for eksempel murer, fundament, trapper og bed, i tillegg til vegetasjon som presisert i omfanget,
- g) å fjerne eller endre strukturerande vegetasjonselement,
- h) å etablere alle former for nye bygg, nye anlegg og strukturar og større faste konstruksjonar,
- i) reetablering/fornyng av vegetasjon som endrar opphavelg struktur og uttrykk.

Det kan gjevast dispensasjon til:

- j) å føre kulturminna tilbake til opphavelg eller tidlegare utsjånad og utforming. Føresetnaden er at tiltaket kan gjerast på eit sikkert dokumentert grunnlag eller med utgangspunkt i historiske spor. Dette inkluderer tilbakeføring av port og gjerde kring stasjonsområdet og flytting av Krigssendarbygget til tidlegare plassering.
- k) å tilbakeføre mastetoppen frå 1952-masta til opphavleg plassering.
- l) å energieffektivisere veggflater i betong, og tiltak for å redusere klimagassutslepp, samtidig som kulturhistoriske og arkitektoniske verdiar blir ivaretekne. Dette inkluderer

isolering med total utføring opptil 12 cm, med tilsvarende flytting av vindauge og fasadeelement.

- m) å byggje om undertaket ved Sendarbygningen og Transformatoriosk/garasje slik at taket kan stå i mot auka klimapåverknad.
- n) nødvendig utskifting av dør til høgspenstrom i transformatoriosk/garasje.
- o) å etablere biloppstillingsplassar ved anlegget og nødvendig breiddeutviding av internveg, men slik at kulturhistoriske verdiar blir ivaretekne.
- p) å fjerne forureina masse i grunnen.

### **Særskilte føresegner etter kulturminnelova § 19**

- q) Innafor det freda området skal det ikkje skje verksemd som kan motverke formålet med fredinga. Med verksemd er det meint alle former for nye bygg og anlegg, oppsetjing av gjerde, skilt og andre faste installasjonar, avfallsplassering, planering, utfylling/tildekking, uttak av massar, graving i grunnen og andre landskapsinngrep.
- r) Det kan gjevast dispensasjon til nødvendig utskifting av lyktestolpar som er nyare enn 1948.
- s) Det kan gjevast dispensasjon til nødvendig breiddeutviding av tilkomstvegen til stasjonsområdet.

### **Dispensasjon frå fredinga**

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve i forkant av alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15 a og § 19 tredje ledd. Like eins, oppstår det tvil om kva som blir rekna som vanleg vedlikehald, skal fylkeskommunen kontaktast på førehand.

Fylkeskommunen kan i særlege tilfelle gje dispensasjon frå vedtaket om freding for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep.

Tiltak som eigar har fått dispensasjon til, vil i enkelte tilfelle også krevje løyve etter plan- og bygningslova. Eigar må avklare dette med kommunen.

Meir informasjon om dispensasjon, vedlikehald og skjøtsel finst i Riksantikvarens retningslinjer for dispensasjonsbehandling (sjå [nettsidene til Riksantikvaren](#)).

### **Tiltak som kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga**

Vanleg vedlikehald kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga.

#### **For byggverk:**

Med vanleg vedlikehald er det meint rutinemessig arbeid på byggverk for å halde ved lag tilstanden til kulturminna, for eksempel overflatebehandling og reparasjon av bygningselement i samsvar med opphavelag eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

**For uteområde:**

Med ordinær skjøtsel er det meint rutinemessig arbeid som er nødvendig for å halde ved lag ein ønska tilstand, hindre forfall som kjem av slitasje, og som tek vare på formålet med fredinga. For eksempel klipping av plen, ugrasluking, gjødsling, vedlikehaldsklipping av buskar og tre, tynning av kratt og fjerning av død vegetasjon. Mindre reparasjonar av element i uteområde som trappeheller, murar og gjerde er å sjå på som vanleg vedlikehald og skal skje i samsvar med opphøveleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

**Forvaltnings-/skjøtselsplan**

Det kan, i samråd med fylkeskommunen, utarbeidast ei forvaltnings-/skjøtselsplan for dei freda kulturminna og det freda området. Planen blir utarbeidd av eigar og skal rullerast ved behov. Planen skal godkjennast av fylkeskommunen.

**Grunngjeving for forslag om freding**

Vigra kringkastar har høg verdi kulturhistorisk verdi for telekommunikasjons, nærings-, samfunns- og krigshistoria. Fredinga etter kulturminnelova vil sikre dei kulturhistoriske verdiane for framtida.

Anlegget var i drift frå 1935 til 2011 og er den lengst levande kringkastarstasjonen i Noreg. Forut låg pionertida med Ålesund radio i tidsrommet 1924-1933. Hausten 1924 fekk Ålesund ein prøvesendar for radiotelefoni mellom fiskebåt og land, og året etter vart Ålesund radiolag skipa for å drive pionerkringkasting. Dette lokale engasjementet og tilgangen på kapital, la grunnlaget for at NRK og Telegrafverket satsa vidare på kringkastar her og bygde kringkastaren på Vigra i 1935. Anlegget vart teikna av Statens bygningsinspektorat.

Betydninga av kringkastinga for fiskeri og den norske havgåande flåten, bidrog til at Vigra i lag med Stavanger raskt vart satsa på som nasjonale storsendarar og utvida frå 10 kW til 100 kW sendarkapasitet. Dei hadde ein særskilt funksjon for å sikre stabile og pålitelege radiosignal til lyttarane.

Anlegget representerer ein særleg viktig sosial og kulturell institusjon med stor betydning for tilhørsla, for identitet og spreing av informasjon til den allmenne befolkninga. Særleg viktig var Vigra lokal for fiskarar, fangst- og sjømenn som ferdes langt til havs. Anlegget representerer også ein institusjon som har vore ein viktig kvinnearbeidsplass. Agnes Schrøder var radioteknikar på Vigra frå 1936 og vart styrar frå 1965 til 1975. Ho var den første kvinna i ei leiarstilling ved ein norsk kringkastar.

Anlegget var åstad for motstandskamp og eit stort engasjement frå lokalbefolkninga for å halde stasjonen under drift under andre verdskrig. Vigra kringkastar fekk sendt ut Melding nr. 1 frå regjeringa Nygaardsvold, og Kongens avslag på den tyske sendemannen sitt krav om å utnemne Vidkun Quisling til statsminister. Vigra kringkastar var den siste frie sendaren i Sør-Noreg med



stor rekkevidde, og blei utpekt som Noregs informasjonsentrum i statsråd den 14. April 1940 før sendarbygget var bomba av okkupasjonsmakta 15. april 1940.

Stasjonen gjekk ut av bruk som kringkastar i 2011. Etter det har ikkje sendarbygningen vore i bruk. Transformator kiosken er framleis ein del av høgspennetnettet på Synes. Dei mindre bygga og området har vore ein del av museal verksemd. Det lokale museumsarbeidet knytt til Vigra Kringkastar starta opp i 1995 i samband med 50-års markering av freden i 1945.

For å styrke moglegheitene for ny bruk er ikkje interiøret freda i Transformator kiosk/garasje eller Sendarbygningen, berre sendarsalen sin betongkonstruksjon. Den høge sendarsalen var midtpunktet på stasjonen i etterkrigstida. Denne konstruksjonen er også viktig byggtknisk.

Vigra kringkastar var eit prioritert kulturminne i *Historiske linjer – Verneplan for Telenors bygninger og installasjoner* frå 1998. Sidan 1998 har betydninga av Vigra kringkastar som kulturmiljø endra seg frå eit reint teknisk-industrielt kulturmiljø i lys av Telenors samla verksemd, til eit kulturmiljø som har stor verdi fordi det representerer viktige fasar i den nasjonale nærings- og samfunnsutviklinga, samfunnstryggleik og beredskap.

Ei freding av Vigra kringkastar er i tråd med fredingsstrategien til Riksantikvaren. Strategien har ti tema som skal bidra til at fredingane til saman er eit representativt utval av kulturminne geografisk, sosialt, etnisk, nærings- og tidsmessig. Av dei ti tema, er Vigra kringkastar si historie knytt til tema handel og krigshistorie. Handel er særleg knytt til dei store næringane som har vore viktig i heile landet som industri, landbruk og fiske. Fredingsstrategien lister opp undertema salsnæringa, kystfiske og foredling og sjøfart som aktuelle. Teknisk industrielle kulturminne er ikkje prioritert tema i fredingsstrategien i påvente av at Riksantikvaren skulle revidere Verneplan for teknisk industrielle kulturminne.

### **Beskriving av kulturminnet**

Vigra kringkastar ligg på Synes på øya Vigra i Giske kommune på Sunnmøre i Møre og Romsdal fylke. Stasjonsområdet ligg i eit ope landskapsrom vendt ut mot havet. Stasjonen er omgitt av kulturbeitemark og våtmark med myrpreg.

Anlegget vart etablert i 1935 og inkluderte då ei sendarbygning og to master på 106 meter. Under andre verdskrigen vart Vigra kringkastar bomba av både tyske og allierte styrkar. Av restane frå den gamle sendarbygningen vart det reist ei provisorisk sendarbygning, Krigssendarbygget, for å fungere saman med byggverka som overlevde bombinga.

Som eit resultat av krigsherjingane vart det etter krigen reist ei ny sendarbygning i pussa betong. Samstundes vart det oppført ein transformator kiosk som seinare vart utvida med garasje. Nye Vigra kringkaster vart sett i drift i 1948 etter høgtideleg opning av H.M. Kong Haakon. Byggverka

som overlevde bombinga vart brukt om igjen som ein integrert del av den gjenreiste sendarstasjonen.

I tillegg til sendarbygningen med transformatoriosk frå 1948 omfattar stasjonsområdet Feederhuset frå 1935, Uthuset frå 1938, Krigssendarbygget frå 1940, samt stasjonsområdet med ulik bevart infrastruktur og krigshistorie.

I 1952 vart dei gamle antennemastene avløyst av ei ny sylindrisk sjølvstråleantenne på 242 meter. Dette var då nord-Europas høgste antennemast og har i alle år vore eit landemerke. Antennemasta vart riven i 2011 på grunn av samfunnstryggleik, då masta var eit hinder for luftfarten ved innflyginga til Vigra lufthamn.

## Tilstand

Det er gjennomført ei tilstandsregistrering av kulturminna i 2024, og på vedtakstidspunktet har byggverka følgjande tilstandsgrad (TG).

- Sendarbygning TG 2
- Transformatoriosk/garasje TG1-2
- Feederhuset TG 1
- Uthuset TG 1
- Krigssendarbygget TG 1

### Tilstandsgrader

- **TG 1:** Ordinært behov for tiltak – dersom kulturminnet er intakt, eller ikkje har behov for tiltak utover normal skjøtsel.
- **TG 2:** Moderat behov for tiltak – dersom kulturminnet er skjemt eller har ein mindre skade, og det er behov for tiltak.
- **TG 3:** Betydeleg behov for tiltak – dersom kulturminnet er skada, og har stort behov for tiltak.

## Eigdomsforhold

### Grunneigar gbnr 6/5 og 6/5/1:

Olger Arne Synnes er grunneigar. Festetomta 6/5/1 er bortfesta til Telenor. I grunnboka står Norsk Rikskringkasting AS (NRK) med heimel til festerett, men festeavtalen vart seinare overdratt til det Telenoreigde selskapet NorKring. Frå 1.1.2020 vart NorKring avvikla og eigendomsporteføljen flytta over til Telenor Infra som frå 2024 heiter Telenor Towers Norway AS. Ingen av bygningane er tinglyst i grunnboka, berre festeretten.

### Telenor Towers Norway AS:

Telenor Towers Norway AS er eigar av sendarbygningen og transformatoriosk/garasje. Dei leiger eit areal frå grunneigar, gbnr 6/5/1. Dette består av to avtaler:

- avtale datert 15. juni 1935. Kontrakten gjeld for 99 år frå 5. februar 1935.
- avtale datert 24. juni 1953. Kontrakten gjeld for 99 år.

Festeavtalen inneheld eit punkt om at tomten skal ryddast viss stasjonen blir lagt ned. Freding etter kulturminnelova vil gjelde framfor den privatrettslege avtalen, og bygningsmassen vil stå.

#### Vigra kringkastar venneforeining:

Vi legg til grunn at Vigra kringkastar venneforeining er eigar av dei tre mindre trebygningane, 1952-mastetoppen og krigssendaren. Telenor har bekrefta dette i brev til datert 9. november 2022. Det er ikkje laga eit formelt overdragsdokument og avtalen er ikkje tinglyst.

Vigra kringkastar venneforeining vart skipa i 2004 med sikte på å ta vare på kulturarven frå Vigra kringkastar. Foreininga består i hovudsak av medlemmer med lokal tilknytning til stasjonsområdet, og dei har over tid formidla telehistoria frå dei tidlegaste fasane og fram til att analoge sendingar vart erstatta med satellitt og noko seinare og digitaliserte sendingar.

#### Linja AS

Linja AS eig ikkje bygning eller grunn, men har rett til å ha ein nettstasjon i bygningen transformatoriosk/garasje, kulturminne ID 226975-3.

### **Riksantikvaren si mynde**

Mynde til å fatte fredingsvedtak etter kulturminnelova §§ 15 og 19 er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren, jf. Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 2 (4).

Fredinga gjerast etter særskilde reglar om saksbehandling jf. kulturminnelova § 22.

### **Forholdet til anna lovverk**

#### **Naturmangfaldlova**

Som ein del av saksutgreiinga skal det vurderast om vedtaket kan utgjere risiko for skade på naturmangfaldet. Dette følgjer av naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Det er gjort søk i Artsdatabankens *Artskart* og Miljødirektoratets *Naturbase* den 11. august 2024 for å sikre at avgjerda byggjer på tilstrekkeleg kunnskap.

På enga rundt stasjonsområdet er det kartlagt og registrert to naturtypelokalitetar fordelt på verdikategoriar i samsvar med verdsettingskriteria i rettleiaren *M-1941 Konsekvensutredningar for klima og miljø*. Enga er fuktig og vurdert som ein mosaikk mellom semi-naturleg våteng og semi-naturleg eng (sårbar) (NIN ID [NINFP1910052974](#) og [NINFP1910039470](#)). På bakgrunn av storleiken til enga er naturmangfaldet på naturtypelokalitetane registrert som stort, men fråvær av bruk gjer at lokalitetane er i ein brakkleggingsfase.

Langs strandkanten i sør finst det ei leplanting av lutzgran, og det har spreidd seg nokre ungtre inn i engområdet (svært høg risiko). Vidare er havområdet i sør føreslege som eit marint verneområde etter naturvernlova.

Ved synfaring på stasjonsområdet den 11. juni 2024 vart det observert vipe (kritisk trua), to par av storspove (sterkt trua), tjeld og raudstilk. I området er det også gjort observasjonar av karplanten parkslirekne (framandart, svært høg risiko).

Fylkeskommunen vurderer at fredinga av Vigra kringkastar vidarefører dagens situasjon. Det er vurdert at fredinga ikkje vil ha negative verknader for naturmangfaldet på staden, og at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 er overhalde.

### **Miljø og forureining**

Fredinga er ikkje til hinder for at eventuelle forureina massar i grunnen kan fjernast, jamfør fredingsføresegnene punkt p). Nedgrave røyr og kablar er ikkje omfatta av fredinga.

Det vart utført miljøtekniske undersøkingar av området i 2013 og 2014. Føremålet var å undersøke graden av forureining, spesielt med omsyn til kopartrådar i grunnen. I 2014 leverte Rambøll rapportane "Miljøteknisk grunnundersøking for forureina grunn" og "Tiltaksplan for forureina grunn" med eit supplement. Tiltaksplanen vart godkjend av Giske kommune, og arbeidet vart utført.

Sluttrapporten vart levert i mars 2015, med eit notat om permeabilitet samt ei skildring av forholda knytt til beiteområde for sau. Miljødirektoratet har, basert på Rambøll sine undersøkingar og oppryddingsarbeid, registrert følgjande opplysningar om gbnr 6/5 og 6/5/1, med fleire:

På 6/5/1 er tilstanden vurdert til å være moderat, som følge av at det er målt konsentrasjonar av benzo(a)pyren, bly og tunge alifater i helsebasert tilstandsklasse 3. Området er satt med arealbruk anna bebygging og anlegg og påverkningsgrad 2- akseptabel med dagens arealbruk. Det same gjeld området sør og mot kysten. Området syd for 6/5/1 er det og sagt at ut frå innhaldet av kopar, så er det ikkje egna for sau.

### **Plan- og bygningslova**

Fredingsområdet er ikkje detaljregulert.


Fredingsområdet er omfatta av *Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030*, vedteken 14. juni 2018. Arealformålet for området er LNFR, som står for landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift. Dette betyr at arealformålet i planen ikkje samsvarer med verksemda på området. Stasjonsområdet er omfatta av fleire omsynssoner, blant anna omsynssone bevaring av kulturmiljø (H\_570\_62), og har følgjande føresegn knytt til seg: «Eksisterande bygg bør haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk, fargeval eller storleik. Bruk, tilkomst og tekniske

løysingar bør underordne seg omsyn som ligg til grunn for soneformålet.» Fredinga vil bygge opp under føremålet med omsynssoa som kommunen har vedteke.

Dei andre omsynssonene, H\_190\_4, H\_190\_3 og H\_220, gjeld høgde- og støyrestriksjonar kring Ålesund lufthamn og gjeld for eit større område på øya Vigra. H\_510\_6 gjeld omsyn til landbruk. I samband med transformator kiosken er det avsett eit område med faresone for høgspenningsanlegg (H\_370).

Nord for stasjonsområdet er det sett av eit lite område til framtidig kommunalteknisk anlegg, som ikkje er oppført per 2024. Strandsona sør for kringkastaren er eit tur- og badeområde, og er verdsett som eit registrert friluftsområde, kategori C.

Vi vurderer at fredinga ikkje er i strid med planer vedteke etter plan og bygningslova.



Utsnitt frå Kommuneplanen sin arealdel 2018-2030.

## Praktisk informasjon

### Kontaktinformasjon

Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som har ansvaret for forvaltning av freda byggverk, anlegg og område. Fylkeskommunen svarer og på spørsmål om fredinga og behandlar søknadar om dispensasjonar og tilskot.

### Ansvar for vedlikehald

Eigar eller brukar har ansvar for vedlikehald av dei freda kulturminna og freda område.

### Økonomiske tilskot

Private eigarar og brukarar kan søkje fylkeskommunen om tilskot til meirkostnadar som følge av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av freda

kulturminne. Meir informasjon om tilskot finst på [nettsidene til Riksantikvaren](#) eller ved å kontakte Møre og Romsdal fylkeskommune.

Det blir normalt ikkje gitt tilskot til freda kulturminne som er eigd av kommune, fylkeskommune og stat, heller ikkje offentleg eigde museum eller statleg eigde aksjeselskap.

## **Bakgrunnen for fredingssaka**

Bakgrunnen for fredingssaka er at Telenor Towers Norway AS ønsker å rive bygningane sine på stasjonsområdet.

I 1998 utarbeidde Telenor og Riksantikvaren ein verneplan for Telenor sine bygningar og installasjonar. Utvalet av kulturminne skulle gi eit samla bilde av historia til Telenor, og objekta skulle oppfylle krava til freding etter kulturminnelova. I planen var Vigra kringkastar med sendarbygningen og transformator kiosken frå 1948, samt den samt den 242 meter høge radiomasta valt ut. «*Bygningen på Telenors verneplan er den nye stasjonen i pusset mur som opna 12. april 1948.*» (Kjelde: Historiske linjer: Verneplan for Telenors bygningar og installasjonar). Dette var det einaste anlegget i fylket som var med i planen.

I 2002 sende Telenor ei liste over objekt som selskapet aksepterte for forskriftsfreding med heimel i kulturminnelova § 22a, jf. § 15. Riksantikvaren følgde opp med varsel om freding 7. juli same år. Vigra kringkastar var med på denne lista. Ettersom Telenor var børsnotert, bortfall høvet for forskriftsfreding etter § 22a jf. § 15, og fredingssaka stoppa opp.

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok Regional delplan for kulturminne av regional og 15. juni 2015 i sak T-33/15. Her var Vigra kringkastar med i listeføringa over kulturmiljø av nasjonal verdi og som var aktuelle for freding. Da eigar ønske å rive bygningar, fatte Møre og Romsdal fylkeskommune mellombels freding.

## **Sakshistorikk**

Saken starta som ein del av forskriftsfreding av Telenor sine eigedommar i 2002, søknad om riving av anlegget og ei mellombels freding i 2018 og ordinær oppstart av fredingssake etter paragraf 15a og 19 i 2020. I dette avsnittet beskriver vi kort kontanten som har vært med eigarane, den mellombelse fredinga og oppstarten av ordinær fredingssak.

## **Kontakt med eigarar og rettshavar i fredingssaka**

Fylkeskommunen har blitt gjennomført separate synfaringar og fleire møter med partane som eig eller har avtale om feste eller bruk.

## Grunneigar

Fylkeskommunen har hatt ei rekkje møter og synfaringar med grunneigar. Vi opplever at det har vore god dialog med grunneigar i saka, og eigars interesser er forsøkt innarbeidd i fredingsforslaget.

#### Telenor Towers Norway AS

Det er gjennomført fleire synfaringar og drøftingsmøte med representantar i høve fredingssaka. Telenor Towers Norway AS har vore tydeleg på at dei ikkje er positiv til freding av Vigra kringkastar, og at dei primært ønsker at anlegget vert rive.

Det har og vore gjennomført eige møte med Telenor saman med Giske- og Ålesund kommune, der ein har diskutert ulike sider ved anlegget og fredinga.

Fylkeskommunen har fått tilgjenge til anlegget saman med Telenor, og det er gjennomført fotografering, 3D-skanning, og det er teke opp film som ein del av fredingsdokumentasjonen.

#### Vigra kringkastar venneforeining

Vigra kringkastar venneforeining og fylkeskommunen har vore på ei rekkje synfaringar og møter. Foreininga har bidratt med informasjon og innspel om anlegget og telekommunikasjonshistoria.

#### Linja AS

Det har vore dialog med Linja AS kring nettstasjonen dei eig inne i transformatoriosk/garasjen. Dei har meldt frå om behovet for sikring av høgspenstrommet, utskifting av dør og vedlikehald av kablar for å imøtekome forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Dette er innarbeidd i føresegnene.

#### **Mellombels freding**

Vedtaket om mellombels freding vart fatta av Møre og Romsdal fylkeskommune og sendt NorKring 13. juli 2018. Kopi av brevet gjekk ut til grunneigar Olger Arne Synnes, Vigra kringkastar venneforeining og Giske kommune, med fleire.

Bakgrunn for vedtaket var løyve frå Giske kommune om riving av Vigra kringkastar med planlagt oppstart i august 2018. Grunngevinga for vedtaket om mellombels freding var verneverdien til Vigra kringkastar, med utgangspunkt i betydning den mellom anna har hatt for nasjonal kringkastings- og telehistorie, krigshistorie. og oppbygging av det moderne Noreg som sjøfarts og fiskerinasjon.

NorKring og Advokatfirma Øverbø Gjørtz på vegne av grunneigar Olger Synnes klagar på vedtaket om mellombels freding. Klagane vart behandla av Klima- og miljødepartementet. I brev av 10. januar 2019 gjorde dei greie for at dei ikkje tok klagane til følge, og at spørsmålet om oppstart av fredingssak måtte avklarast innan 1. september 2020.

I ei ny vurdering av saka 8. juni 2020, viste Riksantikvaren til at det var grunnlag for freding: «Det ligg i føresetnadane for utvalet til verneplanen at objekta der oppfylte krava til freding etter kulturminnelova. ..Slik saka no står finn Riksantikvaren difor at freding etter kulturminnelova er naudsynt for å sikre Vigra kringkastar med sendarbygg og restande av sendarmasta for ettertida. Vedtaket til Møre og Romsdal fylkeskommune om mellombels freding er meir omfattande enn verneplanen og det tidlegare fredingsvarslet til Riksantikvaren. Samstundes har det gått nær 25 år og nye perspektiv har komme til. (..) Riksantikvaren legg til grunn av Møre og Romsdal fylkeskommune vil handsame saka i det vidare.» - Riksantikvaren, brev av 8. juni 2020

### Melding om oppstart av fredingssak

Møre og Romsdal fylkeskommune sendte melding om oppstart av fredingssak, jf. kulturminnelova § 22 nr. 1 i brev av 16. juli 2020 til:

Olger Arne Synnes	Telenor Infra AS (no Telenor Towers Norway AS)
Vigra kringkastar venneforening	Giske kommune
Kulturdepartementet	Musea på Sunnmøre (no Viti)
Klima- og Miljødepartementet	Norsk Teknisk Museum
Fylkesmannen i Møre og Romsdal (no Statsforvaltaren i Møre og Romsdal)	Mørenett AS (no Linja AS)
Fortidsminneforeningen avd. Sunnmøre	Telenor Kulturarv
Telenor Infra AS (no Telenor Towers Norway AS) v/Torvald Trondsen	Telenor Infra AS (no Telenor Towers Norway AS) v/Gunnar Dromnes
Telenor Infra AS (no Telenor Towers Norway AS) v/advokat Liv Aamaas	Ålesund kommune (sendt 01.09.2020)
Norsk Radiologisk forening (sendt 07.09.2020)	Riksantikvaren

Melding om oppstart av freding vart kunngjort i Norsk Lysingsblad 21. juli 2020, i Sunnmørsposten 22. juli 2020 og i avisa Øy-Blick 6. august 2020. Meldinga blei også lagt ut til høyring på nettsidene til fylkeskommunen den 17. juli 2020. Høyringsfristen for merknader var satt til 21. september 2020. I etterkant har fylkeskommunen gjennomført ei intern høyring med fylkesvegavdelinga.

### Merknader med kommentarar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Det kom inn ti merknader til melding om oppstart av fredingssak. Merknadene er her kort gjevne att med kommentarar frå fylkeskommunen:



Avsendar, dato	Merknad	Kommentarar frå fylkeskommunen
<p>Advokatfirmaet Øverbø Gjørtz på vegne av Olger Arne Synnes, 21.9.2020</p>	<p>1 Grunneigar fester bort grunn til bygningar eigd av Telenor Towers Norway as. Grunneigar frykter for at bygga vil stå utan bruk, og at det i framtida vert betydelege utgifter til vedlikehald for bygningsmasse og utvendig areal. Dette er utfordrande og kan føre til at staden står fram som skjemmande.</p> <p>2 Grunneigar ber om at man i saka skal vurdere korleis forureininga i grunnen skal handterast og om forureininga kan bli et problem for fredinga.</p> <p>3 Freding av jorda vil kunne påverke driftsgrunnlaget for garden og at han vurderer å krevje erstatning, jf. kulturminnelova §26.</p> <p>4 Påpeiker at det ikkje er rettsleg grunnlag for å frede vegen etter kulturminnelova § 19 og at det heller bør tinglysast en avtale om rett til veg. Synnes vil ha moglegheit til å legge om tilkomsten etter behov.</p> <p>5 Formidling av historia kan gjerast ved å flytte trehusa til Sunnmøre museum.</p>	<p>1 Eigar av det freda anlegget vil ha ansvar for vedlikehald jf. § 17 i kml. Dersom det er fare for at freda byggverk forfell, kan eigar eller brukar innan ein rimeleg frist bli pålagt å gjennomføre tiltak til å motverke dette jf. § 16. Private eigar eller brukar vil også ha høve til å søke om tilskot til vedlikehald.</p> <p>Det er tatt omsyn til behova for ny bruk i omfanget og fredingsføresegnene, bl.a. ved at berre konstruksjonen til sendarsalen er med og at fredinga ikkje skal vere til hinder for ny bruk.</p> <p>2 Fredinga er ikkje til hinder for at eventuelle forureina massar i grunnen kan fjernast, jamfør fredingsføresegnene punkt p).</p> <p>3 Freding vil som hovudregel ikkje gi rett til erstatning. I tilfelle der fredinga hindrar <u>allereie</u> etablert næringsdrift eller får vesentlege konsekvensar for utøving av næring, kan det i</p>

		<p>særlege tilfelle kunne utløyse erstatning. Førehandsskjønn om dette må haldast etter kml § 26. Det er departementet som har mynde til å krevje slikt skjønn.</p> <p>Eigar har i dag ikkje noko etablert næringsverksemd eller landbruksverksemd som bli hindra av eit vedtak om freding.</p> <p>4 Vi er i dialog med grunneigar om eit skriftleg samtykke som sikrar bruksrett og framtidig tilgang over hans eigendom. Det kan derfor bli aktuelt redusere omfanget på fredinga som gjeld tilkomstvegen.</p> <p>Fylkeskommunen vil ta kostnaden med å tinglyse samtykke om bruksrett for veg. Dette blir avklart i høyringsperioden.</p> <p>5 Kulturminna mister verdi når dei blir flytta til ein annan stad, og fylkeskommunen ser ikkje dette som ei god løysing.</p>
<p>Nils-Kristian Synes, 23.07.2020</p>	<p>Vigra kringkastar ligg på <i>Synes</i> og namnet bør ikkje skrivast <i>Synnes</i>. Han legg ved kart frå Kartverket som syner at namnet her er skriva Synes, slik som også hans familienamn.</p>	<p>Merknaden er følgt opp i fredingssaka.</p>

Vigra kringkastar venneforeining, 14.09.2020	Dei er redde for at den nasjonale telehistoria utanom Oslo skal gå tapt og at Telenor ikkje tek ansvar for dette. Dei viser her til radiopionerane og telehistoria i Møre og Romsdal med Vigra kringkastar som det sentrale anlegget. Det blir også vist til den betydning fiskeria har hatt i denne samanhengen og krigshistoria knytt til anlegget.	Merknaden er følgt opp i fredingssaka.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal (no Statsforvaltaren i Møre og Romsdal), 15.09.2020	Fylkesmannen viser til oppstart av fredingssak for Vigra kringkastar og melder ifrå at dei ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader.	Merknaden er tatt til orientering.
Aalesund Museums Venneforeining, 18.09.2020	Aalesunds Museums Venneforeining støtter forslaget om freding og viser til at Vigra Kringkaster «hører til blant våre nasjonale kulturminner, der kringkasteren spilte en viktig rolle både radioteknisk og ikke minst i krigshistorisk sammenheng i forrige århundre.»	Merknaden er følgt opp i fredingssaka.
Tueneset kystfortforeining, 21.09.2020	Dei peikar på at «Kringkasteren fortjener å inneha ei viktig rolle gjeldende den fremtidige historiske formidlingen, spesielt med tanke på kommende generasjoner.» Dei støtter initiativet om freding og «anser senderen som et betydelig nasjonalt kulturminne i en svært viktig epoke i det 20. århundre, både radiohistorisk og ikke minst krigshistorisk.»	Merknaden er følgt opp i fredingssaka.
Fortidsminneforeningen, Sunnmøre lokallag, 21.09.2020	Dei <i>ønsker fredningen velkommen</i> og ønsker at deres interesser i saken registreres, og at de blir tilsendt dokumentene videre i saken.	Merknaden er tatt til orientering. Høyringsdokumenta vert sendt foreininga.
Norsk Radiohistorisk Foreining, 21.09.2020	Norsk Radiohistorisk Forening ser det som en gledelig nyhet at det er startet opp fredningssak for Vigra Kringkaster	Merknaden er følgt opp i fredingssaka.

	<p>og at dette «er et stort skritt i riktig retning i å bevare stasjonen som et viktig historisk og nasjonalt kulturminne for ettertiden. Historien om Vigra Kringkaster strekker seg langt tilbake i tid og ikke minst den store rolle den hadde under krigen.»</p>	
<p>Ålesund kommune, 13.10.2020</p>	<p>Ålesund kommune v/kultursupport vurderer Vigra kringkaster sin kulturhistoriske verdi slik fylkeskonservatoren uttrykker det og støtter arbeidet med freding av Vigra kringkaster.</p> <p>Kommunen skriv at <i>Vigra kringkaster har ein klar kulturhistorisk verneverdi i høve telekommunikasjon både i regional og nasjonal samanheng. Samtidig har det også stor regional og nasjonal symbolverdi i forhold til krigen og det tyske angrepet på Norge i april dagane i 1940. Anlegget står også sentralt i utviklinga av Norge som ein moderne fiskeri- og kystnasjon. Dei einskilde bygningane og konstruksjons-elementa er frå perioden 1935–1952.</i></p>	<p>Merknaden er følgt opp i fredingssaka.</p>
<p>Fylkesvegavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune</p>	<p>Det er uklare eigedomsgrenser langs Synesvegen (fylkesveg 5960). Frå vegkant bør det vere minst tre meter til eigedomsgrenser for å sikre moglegheit for framtidig vedlikehald av fylkesvegen. Det blir tilrådd at fredinga ikkje blir lagt nærare enn tre meter frå vegkanten.</p>	<p>Merknaden er følgt opp i fredingssaka.</p>

Telenor Towers Norway AS og Giske kommune sendte ikkje inn merknader til oppstarten innan høyringsfristen. Det har likevel vore gjennomført fleire synfaringar og møter kor ulike sider av fredingssaka har vore drøfta. Sjå avsnitt om eigarmedverknad.

## Høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune sender i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 dette fredingsforslaget ut på offentlig ettersyn og høyring til dei partane det gjeld. Det vert kunngjort i avisene Sunnmørsposten, ØyBlikk og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget er lagt ut til offentlig ettersyn på nettsidene til fylkeskommunen.

Etter høyringa omarbeidast fredingsforslaget på bakgrunn av innspel og leggjast fram til politisk behandling i Giske kommune, jf. kulturminnelova § 22 nr. 3. Høyringsfråsegnene og behandlinga kommunen har gjort, vil bli vurdert og tekne inn i saka. Det er Riksantikvaren som gjer vedtak om freding. Partar i saka kan klage på fredingsvedtaket.

**Frist for å sende merknader til fredingsforslaget er 14. oktober 2024.**

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
kulturdirektør

Hilde Arna Tokle Yri  
seksjonsleiar kulturmiljø  
og friluftsliv

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:

Fortidsminneforeningen

Fortidsminneforeningen

Sunnmøre Lokallag

Klima- Og

Miljødepartementet

Nordmørmusea As

Norsk Radiohistorisk

Forening

Riksantikvaren

Romsdalsmuseet

Statsforvaltaren i Møre og

Romsdal

Stiftelsen Norsk Teknisk

Museum

Stiftinga Viti

Telenor kulturarv

Ålesund kommune

Vedlegg:

Dokumentasjon til fredingssak

Mottakere:

Giske kommune

Linja As

Telenor Towers Norway As

Vigra Kringkaster

Venneforening